

Festeavtale.

Underskrevne Georg Nervik og Tobias Hamre har idag gjort denne avtale:

Eq. Georg Nervik, eigar av "Nermark", gn. 84, bnr. 8 i Etne, fester hermed bort til Tobias Hamre, Etne, eit grunnstykke i utmarka like overfor Skotavik til fritidshus og tomt for inntil to fritidshus. Festeida er 80-ått-år, rekna frå 1. jan. 1973.

Tomtearealet, som har fått namnet "Hamrebu", er avgrensa av ei line som har utgangspunkt i høggen kross i nordvestre hjørne av arealet, ca. 2 m. aust for stort bergslep. Linja går her: ifrå først vestleg ut til slepkanten, og frå same kross også austleg 24 m. til kross i liten skår i stort berg; vinklar her sørleg og går ca. 77 m. til kross i liten bergvegg, vinklar her vestleg og går 32 m. til kross nær kanten av denverande bergstup, vinklar her nordleg og går langs slepkanten 75 m. (malt i rett line) tilbake til linja gjennom utgangspunktet.

Med det bortfesta stykket følger desse rettane:

1. Bruksrett til parkeringsplass for to bilar nær hovedvegen ved "Reset" - eller nærmare påvising, og rett til gongsti herifra fram til tomtene. Vert det seinare bygt veg i retning mot Gøllberg, skal parkeringsretten kunne flyttast til ein stad nær endepunktet av den venstrelle veg.
2. Rett til landing og naustplass ved sjøen - også etter nærmare påvising - og gongstierett frå tomtene ned til naustplassen.
3. Rett til vassforsyning frå tildelka brunn på legeleg plass i det omliggjande terrenget, dersom det ikkje er fullgodt vatn å finne på sjøne tomtene.
4. Septiktank kan - etter nærmare påvising - leggjast utanfor tomtene, og kloakkledning først frå tanken ut i sjøen.

Det bortfesta arealet er planlagt utnytta til tomt for to fritidshus. Det står festaren fritt å overlata ei av tomtene til sønnen Johan Hamre eller hans barn. For kvar tomt skal det svarast ei årleg avgift på kr. 250 - to hundre femti -, rekna frå 1. jun 1973. Men so lenge det ikkje vert bygt meir enn eit fritidshus på det bortfesta arealet, skal det i inntil to år berre svarast halv avgift,

Rett kopi bekreftefjes Gjøllberg



Kr. 125 - ett hundre tjue fem - årleg for den eine av tomtene,
ialt kr. 375 - tri hundre sytti fem - årleg. Avgifta for dei første
fire åra, kr. 1500 - ett tusen fem hundre - er betalt. Seinare vert
den årlege avgifta å betale sjølvmint kvar 1. januar, første
gong 1. jan. 1977. Avgifta skal kunne justerast kvar 10. år
i samsvar med eventuelle endringar i prisindeksen for bortfesting.

Det er ein føresetnad at "Kamrebe" ikke skal utparsellerast
vidare til meir enn to sjølvstendige byggelotter, og at tomtene
skal brukast til private fritidsstader eller bustader. Til andre
føremål berngst panttykke for grunnvegaren. Det same er til-
felle dersom rettane etter denne avtale skal kunne overførast
til andre enn festaren sine barn eller barnelavn. Ynskjer
han å leige bort hus som står på tomtene for lengere tid enn
ett år, skal grunnvegaren ha første retten til å leige, eller overta
heile råderetten til gjengs pris. Vert partane ikke samde om
overlatingstidkåra, skal desse avgjerast av ei nemnd på 3-
medlemmer. Partane nemner opp kvar sin representant, og lens-
mannen i Ene er oppmann.

Festaren syter sjølv for nødvendig gjerdet hald. Strand-
framfor eventuelt naust skal ikke avsperrast ved fast gjerde.

Nærstående tømmer skal på lempelig, skadefri måte kunne
førast fram over tomtene i nødvendige tilfelle.

Retten til landslot, og fiske etter laks og aure med faste
redskap, fell til grunnvegaren som før.

Festaren pliktar å syte for hygienisk forsvarleg handsaming
av søppel og avfall i samsvar med gjeldande helseforskrifter.

Det er ein føresetnad at avtala skal kunne tinglyst,
og at dei nødvendige byggeloyve vert gjevne.

Nerøik den 15. oktober 1973.

Julius J. Kamre
- festar -

Georg Nerøik
- grunnveg -

JK-

